

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: måndag 6. september 2021 kl. 13.00-15.00

Stad: Zoom:

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitenskap) Daniel Jung (digital kultur), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitenskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Sarita Helen Øygard (studentrepresentant), Signe Nilssen (sekretær)

Observatørar: Veronica Christensen, Elise Bekkely Røh Petersen, Helga Ramstad Vatsaas

Lise Kristiansen og Janne-Beate Buanes Duke frå HF snakka om Open dag 2022 i starten av møtet

Ikkje til stades: Per Olav Folgerø

Meldt forfall: Koenraad De Smedt

Saksliste

UUI-sak 8/21: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 9/21: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 3: Planlegging av vårsemesteret 2022	2
Orienteringssak 4: Midlar til andreårsstudentar	3
Orienteringssak 5: To sensorar i sensurarbeid frå og med hausten 2022	3
Orienteringssak 6: Utlysing av status som framifrå undervisar eller undervisningsmiljø (FUND)	3
UUI-sak: 10/21 Drøftingssaker	3
Drøftingssak 1: Ulike problemstillingar knytte til masterstudiet	4
Drøftingssak 2: LLE 2022	4
UUI-sak 11/21: Ymist	4

UUI-sak 8/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 9/21: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)

Referatet er godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk to minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Sarita: førsteårsstudentane har exfac-emne første semester og nokon må ta Språkkunnskap, som ikkje er så nyttig. Vi har få utvekslingsavtaler, og fleire av dei vi har, krev kunnskap i andre språk. Ein opplever studiestarten som veldig bra, vi har hatt eit vellukka arrangement i fagutvalet med debatt om kunsthistorie framtid, og det var deltakarar frå alle tre åra på kunsthistorie.

Peter: Det står bra til, har undervist litt dei siste vekene. Blide fjes i auditoriet. Litt problematikk knytt til overføring av digital undervisning. Videonotat har fungert dårleg grunna teknikk, og det har blitt meldt tilbake til IT.

Ulla: Det er litt travelt, sit i København, men har vore her litt. Vi har hatt fysisk undervisning og det har vore veldig fint. Diverre hadde vi litt utfordringar med at SAS14 måtte ha undervisning i haust likevel, når vi trudde det skulle leggast ned.

Matti: Vi lever, vi har god påmelding på LAT100, vi har litt vanskar med romfasilitetar, men det er positivt. Det er eit teikn på fleire studentar enn vi hadde trudd. Og vi har fått ein ny masterstudent. Det er ikkje så aller verst!

Daniel: Daniel Apollon er pensjonert, Ian Hatcher Fullbright frå USA kjem 15. sep. Vi veit ikkje når Jason Nelson kjem. Vi har brukt ein del tid i sommar på romkabal. Problem med rom som har blitt kansellert. Vi har eit auditorium som ikkje kan strøyme, labert svar frå IT. Mykje administrativ og logistisk planlegging. Vi er i prosess for nyakkreditering (femårsevaluering). Vi har ein SFF-søknad i 2. runde. Vi prøver å planlegge ein ny master i game studies saman med SV (hos fakultetet). Vi har opna kursa våre for andre studentar. Det er store studenttal. Vi har fått studentassistentar, men litt for seint. Vi har hatt ei plagiatsak der mykje tekst er omsett frå engelsk utan å vere referert. Eg fann elleve kjelder som Ouriginal ikkje fann.

Agnete: Vi har hatt problem med videooverføring, og dessutan med manglande pc. Mykje pågang frå studentar som er misfornøgde med manglande digital undervisning. Vi legg ut alt av pp-presentasjonar og oppgåver på Mitt UiB. Mange studentar har basert seg på heildigitalt universitet. Utover det går oppstarten som han skal.

Frode: Vi har hatt litt av dei same problema som dei andre med strøyming. Men ikkje så veldig mykje. Ressurssituasjonen er prekær. Vi har fått mange fleire studentar enn det som var budsjettert med. Særleg på Fjernord og NOLI103. Det blir problematisk for øvingsoppgåver og sensur.

Ragnhild: Det går ganske greitt dette semesteret. Frist til 1. oktober med å planlegge neste semester, det kan bli vanskeleg. Går forholdsvis greitt med strøyminga. Dei set seg tett i undervisninga sjølv om vi har store undervisningsrom. Undervisninga fungerer fint. NORMAU går førebels for seg digitalt. Fine forhold mellom dei tilsette trass pressa ressursssituasjon.

Ilka: Det går fint. Vi har hatt fysisk undervisning i to veker. Har fulle kurs og ventelister. Eksamen er planlagd som skriftleg skuleeksamen. Vi har starta å bruke ny bok som er laga av kollegaane på norsk kursa.

Orienteringssak 3: Planlegging av vårsemesteret 2022

Vi skal i gang med ressursbudsjettering og timeplanlegging. I haust ønsker vi å ha eit endå tydelegare fokus på tidleg planlegging av neste semester. Alle fagmiljøa har frist til 1. oktober med å ferdigstille

ressursbudsjett og timeplandata. Vi planlegg arbeidsstove for studieadministrasjonen i løpet av september, og her er fagkoordinatorane velkomne til å vere med om dei ynskjer det. Tanken er at det i dette arbeidet skal planleggast undervisning som står i samsvar med dei ressursane fagmiljøet har tilgjengeleg. Der det er eit absolutt behov for vikar (innanfor dei rammene lovverket og økonomien set), må dette synleggjerast og argumenterast for i eit følgjeskriv til ressursbudsjettet. Instituttet har sett opp ein tidsplan der vi ønsker å få til utlysning og tilsetjing i tide til semesterstart der det er absolutt behov for vikarar. Vidare er det også ønskeleg å finne ei meir fast løysing på det som gjeld undervisningsassistentar og tildeling av midlar til dette formålet. Det kan bli aktuelt å lyse ut berre éin gong i året, slik at ein må ha både vår- og haustsemesteret i tankane når ein ber om undervisningsassistentar. Signe og Heming orienterte.

Orienteringssak 4: Midlar til andreårsstudentar

Vi har fått ei tildeling på 33.401 som skal gå til fagleg-sosiale arrangement for studentar som er i sitt andre år. Instituttet ynskjer å få fagutvala i dialog om korleis vi best kan nytte desse midlane. Signe orienterte.

Orienteringssak 5: To sensorar i sensurarbeid frå og med hausten 2022

Det har kome endringar i universitets- og høgskulelova (vedlagt). Det som gjeld to sensorar, skal innførast hausten 2022.

§ 3-9 andre ledd skal lyde:

(2) Styret oppnevner sensor ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering når resultatet inngår på vitnemålet eller innregnes i karakter for vedkommende studium. Det skal være minst to sensorer, hvorav minst én ekstern, ved bedømmelse av kandidatenes selvstendige arbeid i høyere grad. Det skal være minst to sensorer ved alle vurderinger der det brukes gradert karakterskala A til F. Minst én av sensorene skal være uten tilknytning til den delen av utdanningen der vedkommende skal være sensor. Det skal utarbeides skriftlig sensorveiledning til alle eksamener.

Vi ventar framleis på føringar for korleis vi skal tolke nest siste setning. I mange av fagmiljøa våre vil ikkje denne nye regelen få veldig stor betydning, men særleg på norskkursa kan det få stort utslag. Heming og Signe orienterte.

Orienteringssak 6: Utlysning av status som framifrå undervisar eller undervisningsmiljø (FUND)

Fristen for å søkja status som framifrå undervisar eller undervisningsmiljø ved Det humanistiske fakultet er i 2021 sett til 15. september. Heming orienterte.

UUI-sak: 10/21 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Ulike problemstillingar knytte til masterstudiet

1. Overlapp mellom kursdel (særleg prosjektførebuande emne) og masteroppgåve
2. Framhald av rettleiing i 5. og 6. semester – ressursutfordringar
3. Rettleiing av masteroppgåver og jamleg oppfølging
4. Kva gjer vi når ein kandidat stryk?

Frode: Plagiat er viktig å ta opp, sjølvplagiering er eit mindre problem for oss. Det er viktig å skilje mellom steling frå andre sine tekstar og ikkje lovleg gjenbruk av egne tekstar.

Agnete: Det er ein del stress rundt det som gjeld gjenbruk av tekst frå prosjektskisse. Vi har arbeidd litt med studentar som ikkje forstår forskjell på referanse og sitat.

Ulla: Vi har diskutert det som gjeld prosjektskisse på teatervitskap, og vi har ikkje hatt problem med dette, men vi opplever også at studentane er litt frustrerte. Vi er i ferd med å utvikle dette emnet, og vil gjerne samarbeide med andre.

Ragnhild: Vi oppmodar ofte studentane til å bruke skissa som disposisjon.

Dei to siste punkta blir vidareført til neste møte.

Drøftingssak 2: LLE 2022

Jamfør instituttets strategi har vi målsetjing om at det skal vere samsvar mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod i dei ulike miljøa. Heming presenterte saka for drøfting.

Frode: vi har forståing for leiingas posisjon. Vi har mange plusstimar. Vi har behalde gamle modellar i tillegg til at det kjem nye tilbod som skal sørvast. Vi opplever at det ikkje er eit ønske om at vi seier nei til studentar.

Paradoks med bemanningsplan og høve til å seie nei til studentar.

UUI-sak 11/21: Ymist

Ingen saker blei melde.